



Julehuset på Neset med juletre i rustfritt stål.

**Julehuset på Neset er eit av fleire hus i Uskedalen med flott juledekorasjon. Asle Moberg er kreativ og trivst når han pyntar og monterer lys på sjølve huset og i hagen. Nytt i år er juletre laga i rustfritt stål, hjort kjøpt på Hageland og lyslekkjer på rekkverk og trassen. Asle Moberg lovar at det skal bli meir og enno betre til neste år.**

Asle Moberg tek gjerne turen rundt dalen og i bygda for å få tips og inspirasjon. Han har merka seg flott dekorerte hus på Eik, i Ospelunden og i Korsneset. Julelys på hus og i hagen kan vera eit krevjande prosjekt. Det er om å gjera å finna balansen og ikkje overdriva pyntinga. Han ser tendensen til at det vert for mykje der gjerne heile huset er opplyst.

Asle er godt nøgd med juletreet i rustfritt stål. Det er laga av arbeidskollega Frode K. Røssland etter klare ynskje og føringar frå oppdragsgjevar. Juletreet skal brukast kvart år. Hjorten er, som mange andre, kjøpt på Hageland. Rekkverka og terassen er pynta på vanleg måte. I tillegg til dette kjem lys på sjølve huset, i møne og på trekkverk.

Asle Moberg fortel til Uskedalen.no at til neste år skal det bli meir lys, men då på andre sida av huset mot Storsund.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal